



Indiefjord

*11.07-12.07 2015
Norsk Program*

PROGRAM

Laurdag 11.07

11.00-14.30	Fossevandring med Ivar Mork
12.00-16.00	Indie Coffee Camp
12.00-17.00	Indiefjord HQ
12.00-17.00	J-Buda
12.00-17.00	Morks Antikk & Galleri Bukke-Jo
12.00-17.00	Bakketunet & Retrosalongen (galleri og retrocafe)
12.00-17.00	Handverkssal Lappelina, Bertha Saure og Sykris
13.00-17.00	Postkjellaren Tekstil&Nostalgi (og postmuseum)
15.00-16.30	Indiefjord Sessions ved Notanaustet (konsert)
17.00-18.30	Ølsmaking med Grim & Gryt i Bakketunet
17.30-03.00	“Indiefjord Fest” på Haukly (kveldskonsertar)

Fossevandring med Ivar Mork (Gratis)

Utflytta bjørking (og ivrig reiseskildrar) Ivar Mork tek dykk med på ein lett fjelltur til Tussafossen. Det vert historier og fakta på engelsk, til glede for både utanlandske turistar, og folk frå området.

Indiefjord HQ med Wi-Fi (Gratis)

I hagen ved Mork-familien sitt hus på Åkre kan ein slappe av, bruke gratis wi-fi og møte andre festivaldeltakarar. Her er også info-kontoret for Indiefjord. Har VISA-kortlesar.

J-buda (20 kr)

J-buda held landhandel-museet ope, og her kan ein også kjøpe noko godt å tygge i og drikke ein kaffi.

Postkjellaren Tekstil&Nostalgi (Gratis)

Tekstil- og interiørbutikk, samt postmuseum. Har også kiosk med kaker, is, brus og kaffi du kan nyte frå terasse med utsikt mot fjorden.

Bakketunet (90 kr laurdag, søndag 150 kr inngang med konsert. Dei med Indiefjord-billett og band gratis også på konsert)

Utstilling av Robert Steinnes sine maleri, og knivmakar Svein Snipsøyvyr stiller ut i kammerset. Også open Retrosalong. På laurdag kan du lage din eigen Indiefjord-Pizza og søndag er det norsk tradisjonsmat med gratis rjømegrautsmaking. Søndag er det konsert med The Just Joans og Stig Ulv (13.00).

Retrosalongen

Retrosalongen er ein kombinert kafè og bruktbutikk som serverer varme og kalde drikker, kaker og konfekt i eit interiør henta frå 50- til 70-talet.

Ølsmaking med Grim & Gryt (350 kr)

Bakketunet inviterer til ølsmaking med det nyoppstarta økobryggeriet Grim & Gryt. Meir info på www.facebook.com/bakketunet.



Søndag 12.07

- 12.00-16.00 Hos Maria - open gard
- 12.00-16.00 Indie Coffee Camp
- 12.00-17.00 Indiefjord HQ
- 12.00-17.00 J-Buda
- 12.00-17.00 Morks Antikk og Galleri Bukke-Jo
- 12.00-17.00 Bakketunet og Retrosalongen (galleri og retrocafe)
- 12.00-17.00 Handverkssal med Lappelina, Bertha Saure og Sykris
- 13.00-14.00 Indiefjord Sessions i Bakketunet (konsert)
- 13.00-17.00 Postkjellaren Tekstil&Nostalgi (og postmuseum)
- 17.30-03.00 "Indiefjord-Fest" på Haukly (kveldskonsertar)

Indiefjord Sessions ved Notanaustet (gratis for alle, også utan billett)

Dei to lokale artistane Torkjel Bruland Lavoll og Ida Glomnes, samt Let's Whisper frå USA syng og spelar i det tradisjonsrike Notanaustet.

Hos Maria - open gard (Inngang NOK 30 + NOK 30 for riding)

Maria Nikkinen Rørstad med familie har open gard. Det vert riding, og du kan møte dyra på garden. Sal av rabarbara-suppe, sylte, saft, kaffi og kaker. Transport kvar heile time frå Bjørke Rom og Camping, Indie Coffee Camp og Indiefjord HQ.

Indie Coffee Camp + spel dine egne Indiefjord Sessions

Nina Viddal og kaffiglade venner har kaffibar i eit naust. Der finnast også ukulele og gitar for dei som vil spele litt. De er oppfordra til å legge ut på YouTube!

Handverkssal

Elin-Grethe Haddal (Lappelina), Bertha Saure og Synnøve Alet Kristiansen (Sykris) sel handlaga klede, strikk, vesker og meir ved Indiefjord HQ.

Morks Antikk

Ole-Jørgen Mork sel antikvitetar - der er også kiosk.

Galleri Bukke-Jo (50 kr)

Ole-Jørgen Mork har også laga eit eksotisk kunstgalleri i ein nedlagd geitafjøs.

"Indiefjord Fest"

Laurdag og søndag vert det Indiefjord-fest på Haukly. Band frå heile verda, inkludert USA og Australia skal spele. Billettar får du på Tikkio.no, og meir info får du på www.indiefjord.com.



KART OVER BJØRKE

- 1** Hos Maria - open gard
- 2** Haukly - Konsert og fest
- 3** Bjørke Rom og Camping
- 4** Notanaustet (dagskonsert)
- 5** J-buda
- 6** Postkjellaren Tekstil&Nostalgi
- 7** Bjørke Kyrkje
- 8** Indie Coffee Camp
- 9** Prillarguri, vidgjeten telefonkiosk
- 10** Hjørundfjord Vandrerhjem Bjørke
- 11** Indiefjord HQ, wi-fi og handverksutsal
- 12** Morks Antikk og Galleri Bukke-Jo
- 13** Bakketunet og Retrosalongen
- 14** Symjebasseng